

Infomøte om dei 3 kraftverkprosjekta

03.12.2012

I motsetnad til Omvikdalen og Åkra ligg Uskedalen langt bak i utbyggjinga av småkraftverk, men no tek det til å skje noko. Onsdag kveld klokka 19 vil det bli gjeve ein statusrapport under informasjonsmøtet som Uskedalen Utvikling held på Gamleskulen og der vert det presentert fakta både om prosjekta i Tverrelva, Børsdalselva og Eikelva.

SKL står bak dei to første og Elvekraft i Asker det tredje og representantar for dei to selskapa vil orientera på møtet. Frå SKL kjem Odd Eirik Eikeland, som er ein nøkkelperson i begge prosjekta.



Eikelvaprojektet er det så lagt gjeve få opplysningar om, men her er elva

Det har vore heller sparsomt med informasjon om Eikelva-prosjektet medan Tverrelva og Børsdalselva vil gje ein årsproduksjon på 20,5 og 17 GWh utifrå dei siste planane.



Kraftstasjonen i Børsdaselva skal liggja 300 meter ovanfor der dette biletet er teke.

Tverrelva-verket vil få eit fall på 500 meter frå Mannsvatnet og kraftstasjonen vil liggja heilt nede i dalen i motsetnad til den gamle stasjonen som spela ei stor rolle for kraftforsyninga i kommunen i tidlegare tider.
Fallet i Børsdaselva vert 380 meter og kraftstasjonen blir liggjande 300 meter ovanfor kalkstasjonen.
Som ein peikepinn om kva produksjonstala står for kan den opplystast at stasjonen i Børsdalen truleg vil kunne forsyne nærmere 900 husstandar.

Prosjekta har ein lang veg å gå fram til avgjerd sjølv om det er søkt om konsesjon og det vert ingen realitetsdrøfting under møtet onsdag. Det er grunn til å tru at det vert justeringar undervegs.

Men dei 3 er i alle fall med blant 13 prosjekt i kommunane Kvinnherad, Jondal og Ullensvang som NVE har starta søknadshandsamling av og som vil bli sendt på høyring til våren. Då kan lokalsamfunnet seia kva dei meiner. Førerebels er ikkje søknadane kvalitetssikra.

- Jo meir folk veit om slike prosjekt, jo meir forsvarleg vert handsaminga når realitetane kjem på bordet, seier Steinar Haugland. Han er i Dialogforumet til UU som står for tilskipinga av møtet.

Av Ola Matti Mathisen